

3 uskedelingar på sonesamling

17.01.2011

3 uskedelingar har sluppe gjennom eit trångt nålauge og får delta i sonesamlinga i fotball i Haugarhallen i Haugesund førstkommande laurdag, fortel Arvid Nes i Rosendal Turnlag.

Uskedelingane er Hermund Døssland, som spelar på 1997-laget og Kathrine Yri Røssland og Kari Bråtun som begge er å finna på 1996-laget.

Ingebjørg Haugland, som også har utmerka seg kraftig, var eitt år for gamal til å bli utteke til samlinga.

Tilsaman er 8 spelalarar frå Rosendal uttekne. 5 av dei høyrer til jentene som er fødde i 1996..

Dette er ei ekstra sonesamling. Den erstattar delvis samlinga på Husnes som vart avlyst før jul på grunn av vertilhøva.

I Haugarhallen er det kunstgras og samlinga består av kampar. Det er tekne ut 18-19 spelalarar i kvar klasse.